

## Nyttig og lærerikt med styrkt fagkompetanse i tilsyn

### I landsomfattande tilsyn med distriktspsykiatriske senter (DPS) til vaksne med psykiske lidingar i 2008 og 2009 har Helsetilsynet brukt ein psykologspesialist og ein psykiater for å styrkje den faglege kompetansen i tilsynsorgana.

Totalt har 13 eksterne fagpersonar, også kalla fagrevisorar, hjelpt oss med å gjennomføre 56 tilsyn. I enkelte planlagde tilsyn treng vi spesialisert og oppdatert fagkompetanse for å kunne vurdere om tenestene som blir gitt, er fagleg forsvarlege. Ekstern fagleg bistand i planlagde tilsyn sikrar gode vurderingar og konklusjonar av fagleg forsvarleg praksis innafor fagområda vi undersøker. Dette er også med på å styrkje legitimiteten til tilsynsorgana overfor verksemdene vi fører tilsyn med.

Vi bruker fagrevisorar som har god og relevant klinisk erfaring og solid kunnskap om det som for tida blir sett på som fagleg forsvarleg praksis. Fagpersonane får opplæring i den generelle tilsynsmetodikken Helsetilsynet arbeider etter, og dei får innføring i opplegg og tematikk for tilsynet. I tilsynslaget kjem dei i tillegg til medlemmene frå tilsynsorgana.

Helsetilsynet har gode erfaringar frå dei tilsyna der vi bruker fagrevisorar når vi gjennomfører planlagde tilsyn. Og det viser seg at dei fagpersonane vi bruker, synest oppgåva med å hjelpe oss er lærerik.



Dette oppdaga vi da vi bad om erfaringar og synspunkt frå dei fagrevisorane som tok del i DPS-tilsyna. Inntrykket etter denne spørjerunden er at fagpersonane som hjelpte oss, stort sett er godt nøgde med oppdraget. Fleire uttrykkjer at dei har lært mykje, og at kompetansen deira blei brukt på ein relevant og god måte. «Jeg tror jeg lærte mer enn jeg hadde forventet, det var veldig flott å se hvordan andre tenker og gjør ting.» Somme tilbakemeldingar tyder også på at dei har teke med kunnskap og røynsler dei har fått i arbeidet som fagrevisorar, tilbake til eigen arbeidsstad. Ein av fagrevisorane seier at «erfaring jeg fikk, har jeg brukt i egen organisasjon, og vi har kjørt samme tilsyn i våre kliniske avdelinger».

Ein annan av fagrevisorane summerer opp oppdraget på denne måten: «Jeg har opplevd dette arbeidet som veldig morsomt, spennende og meningsfylt, og er glad for at jeg ble spurt om å være med. Utfordringen er naturligvis å se en virksomhet som en er vant til å være en integrert del av fra utsiden. Dessuten å vurdere hvor forskjellig man kan utføre de samme oppgavene med de samme instruksene, uten at det går utover den faglige forsvarligheten».

### Planlagde tilsyn

I planlagde tilsyn som er gjennomførte som systemrevisjon, er vi opptekne av om verksemdene har etablert systematiske styringstiltak som sikrar at sentrale lovkrav blir haldne. Vi vurderer om verksemdene legg til rette for systematisk styrings- og betringsarbeid i tenestene og sikrar forsvarleg praksis.

Landsomfattande tilsyn er planlagde tilsyn som er utførte som systemrevisjonar, og der Statens helsetilsyn utarbeider ein rettleiar for tilsynslaga i fylka. Rettleiaren blir skriven for at Helsetilsynet i fylka og fylkesmennene skal gjennomføre tilsynet likt i heile landet. Vi legg rettleiarane på [www.helsetilsynet.no](http://www.helsetilsynet.no) for at grunnlaget for tilsynet skal vere offentleg tilgjengeleg, og for at dei som har ansvar for tenester, og andre kan gjere seg nytte av innhaldet seinare.